

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	18.12.2013	099/13	TMU

Avgjerslemynde: Sakshandsamar: Toril Mulen	Arkiv: GBNR-99/41 Objekt:	Arkivsaknr 13/586
---	--	-----------------------------

GNR 99/41 YSTEBØ - SØKNAD OM DELING AV EIGEDOM - KLAGE PÅ AVSLAG

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	30.04.2013	Kjell Skjelvik	Gnr 99/41 Ystebø - Søknad om deling av grunneigedom
2	U	27.05.2013	Kjell Skjelvik	Gnr 99/41 Ystebø - Søknad om deling av eigedom - mellombels svar
5	U	10.10.2013	Kjell Skjelvik	Gnr 99/41 Ystebø - Søknad om deling av eigedom - følgebrev
6	I	10.11.2013	Kjell Skjelvik	Gnr 99/41 Ystebø - Vedr klage på avslag av hyttetomt

Vedlegg i saka:

Klage frå sækjar

Saksutgreiing:

Eigar av gnr/bnr 99/41 sækjer om deling av tomt til føremål hyttetomt for niesa si. Skjelvik ynskjer at niesa for framtida skal få ha tilknytning til garden. Skjelvik har søkt tidlegare om å få dele ifrå ei tomt med føremål hyttetomt til niesa si. Saka vart innstilt negativt frå administrasjonen si side. Sækjar klaga, men fekk ikkje medhald i klagen av Fylkesmannen. Skjelvik har søkt på nytt om å få dele ifrå ei tomt med føremål hyttetomt for niesa si, men på ein annan stad enn førre gong. Saka vart handsama og kom opp i hovudutvalet 04.09.2013.

Hovudutvalet for Plan, Landbruk og Teknisk fatta følgande vedtak 04.09.2013: Hovudutvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, mot ein stemme Wenche K. Tveranger (Frp). Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Radøy kommune gir ikkje Kjell Skjelvik samtykke til deling av gnr/bnr 99/41 med føremål hyttetomt til niesa si. Vedtaket har heimel i Jordlova § 12.

Nye opplysningar i saka

Radøy kommune har motteke klage frå eigar av gnr/bnr 99/41 på vedtaket fatta i hovudutval for plan, landbruk og teknisk dagsett 04.09.2013. Klagen er levert innan frist avtalt på møte mellom sækjar, niesa til sækjar og sakshandsamarar i kommunen 01.11.2013. Klagen er dagsett 10.11.2013.

Saksutgreiing:

Klagen er grunngeven med følgande:

- Det er hyttefelt i området. Sækjar har spurt om å få kjøpe hyttetomt der, men det er ikkje gitt høve til det. Ergo ser sækjar inga anna mogleik for å kunne gje niesa hyttetomt enn å sækje om deling frå gnr/bnr 99/41
- Hyttetomta er til inga hinder for landbruksdrifta
- Hyttetomta vil verte samla ved allereie fråskilt hyttetomt

Vurdering:

Vi finn at klagen er grunngeven.

Det er hyttefelt i området.

Det er teke kontakt og spurt om det er mogleg å få kjøpe hyttetomt i feltet, men med negativt svar. Omsøkt areal til hyttefremål er i kommuneplanen definert som LNF-område, fremål landbruk, natur og friluftsliv. Og slik rådmannen vurderer det vert fremålet med lova og kommuneplanen sett til sides om ein gjev løyve til frådelling med fremål hyttetomt som omsøkt på gnr/bnr 99/41.

Sækjar finn at hyttetomta ikkje er til hinder for landbruksdrifta.

Erfaring tilseier at frittståande bebygde tomter i LNF-område kan medføre konflikter mellom brukarane av tomtene og dei som utøver yrket sitt i landbruket. Ei frådelling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket.

Hyttetomta vil verte samla ved allereie fråskilt hyttetomt

Sækjar har her tillempa å begrense ulempene ei frådelling kan medføre ved å be om at ny omsøkt hyttetomt vert plassert attmed allereie eksisterande hyttetomt. Omsøkt areal er i kommuneplanen definert som LNF-område, fremål landbruk, natur og friluftsliv. Og slik rådmannen vurderer det vert fremålet med lova og kommuneplanen sett til sides om ein gjev løyve til frådelling med fremål hyttetomt som omsøkt på gnr/bnr 99/41.

Elles held klagar fram at det er av personleg betydning for niesa som ynskjer seg hytte å kunne halde fram å ha tilknytning til gardsbruket. Jamfør Jordlova § 12 kan vi gje samtykke til deling dersom det er samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller deling er forsvarleg utifrå omsynet til den avkastning eigedommen kan gje. Rådmannen finn at det ikkje er samfunnsinteresser av stor vekt som talar for at vi skal gje samtykke til deling. Ei frådelling av ei hyttetomt av denne storleik og på dette arealet vil ikkje medføre stor påverknad på den avkastninga eigedommen kan gje. Men, all frådelling vil påverke avkastninga i negativ lei.

Rådmannen finn ikkje at det er kome fram nye opplysningar i saka som endrar den vurderinga som er gjort i sak 075/13, og rår til at klagen ikkje vert teke til følgje.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følgje. Vedtak i sak 075/13 vert stadfesta.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er Forvaltningslova § 33, 2.ledd jfr Jordlova § 12.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

